

Innst. S. nr. 178.

(1998-99)

Innstilling frå sosialkomiteen om ansvar og meistring - Mot ein heilskapleg rehabiliteringspolitikk.

St.meld. nr. 21 (1998-99).

Til Stortinget.

1. BAKGRUNN OG SIKTEMÅL

1.1 Samandrag

Regjeringa legg i meldinga fram strategiar for eit meir systematisk og effektivt rehabiliterings- og habiliteringsarbeid på brukarane sine premissar. Det blir uttala at rehabiliteringstilbodet i dag i for stor grad er prega av manglande planlegging og samordning, uklare ansvarsforhold og for lite medverknad frå brukarane sjølve. Målet med meldinga er å fremme sjølvstende og deltaking, og å medverke til eit verdig liv og like sjansar for menneske med funksjonsproblem eller kronisk sjukdom.

Meldinga gir ei framstilling av den generelle rehabiliteringspolitikken. Det viktigaste formålet er å leggje til rette rammevilkåra slik at det lokale tilbodet kan utviklast. Meldinga fokuserer på individretta tiltak og prosessar og vurderer grenseflater mellom yrkesretta attføring og medisinsk/sosial rehabilitering, med fokus på samarbeidsspørsmål og tilbod som kan bygge bru mellom desse.

Som viktige prinsipp og siktemål blir nemnde respekt for menneskeverdet – brukarorientering, likeverd og tilgjenge, lokal forankring og tverrsektoriell og tverrfagleg innretning.

Med utgangspunkt i eit brukarperspektiv, legg Regjeringa følgjande prinsipp til grunn for møtet mellom tenesteytar og brukar:

- Enkeltmennesket skal møtast med respekt.
- Brukaren skal bli motteken og få nødvendig assistanse der han eller ho først vender seg.
- Prinsippet om felles og ikkje delt ansvar er lagt til grunn mellom lokale instansar, og i forholdet mellom helsetenesta i kommunane og fylkeskommunane.
- Kommunen og arbeidsmarknads- og trygdeetaten har både eit særleg og eit felles ansvar for å motivere brukarane til å ta del i aktive og omgøylege arbeidsretta tiltak.

Det blir lagt vekt på at rehabilitering krev plan og systematikk både på system- og individnivå.

1.2 Komiteen sine merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Arnesen, Gravdahl, Hildeng, Kristoffersen, Skogholt og Øyangen, medlemmene fra Fremskrittspartiet, lederen og Nesvik, medlemmene fra Kristelig Folkeparti, Næss og Woie Due-sund, medlemmene fra Høyre, Helgerud og Sjøli, medlemmet fra Senterpartiet, Gløtvold, og medlemmet fra Sosialistisk Venstreparti, Ballo, er tilfreds med at det nå foreligger en stortingsmelding som skal stake ut kursen for det framtidige rehabiliterings- og habiliteringsarbeid.

Komiteen deler den oppfatning at rehabiliteringstilbudene i dag i for stor grad er preget av manglende planlegging og koordinering, uklare ansvarsforhold og for lite medvirkning fra brukerne selv.

Komiteen slutter seg til at siktemålet med den foreliggende stortingsmelding må være å sikre likeverdige tilbud til alle mennesker med rehabiliteringsbehov, og komiteen ser det som viktig at det gis rom for både langvarige og kortvarige tiltak ut fra den enkeltes behov og livssituasjon.

Komiteen ser det som viktig at brukarmedvirkning i rehabilitering utvides fra å være konsentrert om brukarorientering og brukerperspektiv til å omfatte former for medvirkning som gir brukerne størst mulig innflytelse på og kontroll over rehabiliteringsprosessen.

Komiteen deler den oppfatning at det er i kommunene de viktigste virkemidlene og arenaene for sosial deltaking finnes, og at det derfor spesielt må fokuseres på rehabilitering i kommunene, men det er komiteens oppfatning at også fylkeskommunen og staten må ha et omfattende ansvar for å sikre de framtidige rehabiliteringstilbud.

Komiteen ser det også som viktig at partene i arbeidslivet trekkes sterkere med i arbeidet med planlegging og iverksetting av rehabiliteringstilbud. Komiteen viser i denne sammenheng til den store

betydning rehabilitering og tilrettelegging på arbeidsplassen har for brukernes mulighet til å kunne være i arbeid.

Komiteen ser også behovet for at det blir tilført økonomiske midler til rehabiliteringsarbeid på en slik måte at den menneskelige og samfunnsmessige gevinst kan bli størst mulig.

Komiteen støtter i hovedsak innholdet i stortingsmeldinga. Det er etter komiteens mening et stort behov for koor dinering av rehabiliteringsarbeidet i landet samtidig som det er viktig å klargjøre ansvarsforholdene for de forskjellige deler av dette arbeidet. En samlokalisering av sosial-, arbeids- og trygdekontor i kommunene ville bidra til å lette koor dineringen av tiltakene som rettes inn mot den enkelte bruker. Rehabilitering og rehabilitering er etter komiteens mening er svært viktig oppgave innen norsk helsevesen for å kunne oppnå gode behandlingsresultater, livskvalitet for pasientene og tilbakeføring til en aktiv tilværelse for flest mulig. Komiteen vil imidlertid også understreke at ikke alt funksjonstap kan gjenvinnes, og at uførepensjon i slike tilfeller må aksepteres som den beste løsningen. En slik løsning må fortsatt gi mulighet til et aktivt rehabiliteringstilbud for å kunne opprettholde best mulig funksjonsevne og livskvalitet.

Komiteen vil understreke at rehabiliteringsarbeidet ikke utelukkende er et helse spørsmål, men i stor grad krever tverrfaglig innsats fra ulike etater på alle forvaltningsnivåer. Det er påkrevet at personell innenfor denne sektoren har nødvendig kompetanse, og komiteen mener basiskompetansen bør styrkes hos mange yrkesgrupper. Komiteen støtter tanken om å få et sentralt kompetansesenter for utvikling og spredning av bedre rehabiliteringskompetanse på alle plan.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet kan ikke støtte departementets forslag til ny finansieringsordning for rehabilitering, og disse medlemmer vil legge vekt på at de opptreningsinstitusjoner i privat regi som i dag benyttes, bør kunne regne med et pasientgrunnlag også i fremtiden. Disse medlemmer er enige i departementets målsetting når det gjelder rehabiliteringsavdelinger i det enkelte fylke, men disse medlemmer vil også påpeke at i de fylkeskommuner der det er mulig å kjøpe disse tjenestene fra private rehabiliteringssentre, bør dette gjøres. Det er derfor etter disse medlemmers mening ikke ønskelig å styre de økonomiske midlene gjennom fylkeskommunen. Dette vil kunne føre til en utbygging i fylkeskommunal regi på bekostning av de allerede eksisterende private tilbud, noe disse medlemmer ikke anser som en gunstig utvikling for di en slik konkurransesituasjon ikke gir like vilkår og muligheter for aktørene.

Disse medlemmer foretrekker en statlig finansiering der midlene følger den enkelte bruker til det behandlingstilbud som foretrekkes etter mønster av stykkprissystemet eller den såkalte innsatsbaserte finansiering som disse medlemmer vil påpeke fungerer svært godt i spesialisthelsetjenesten.

Disse medlemmer vil også bemerke at omfanget av de tiltak som foreslås i meldingen, er stort, og at kostnadene ikke er omtalt. Disse medlemmer anser at dersom alle de tiltak på alle forvaltningsnivåer som er forespeilet i stortingsmeldingen, skal gjennomføres, vil dette føre til kostnader langt ut over den bevilgning som er gitt for 1999. Disse medlemmer vil imidlertid påpeke at en bedre koor dinering av de ulike rehabiliteringstiltak bur de kunne føre til reduserte utgifter. Disse medlemmer vil derfor gå inn for en sterkere sentral styring av de ulike opplegg for rehabilitering både i stat, fylke og kommune.

2. REHABILITERINGSFELTET - EIT OVERSYN

2.1 Samandrag

Rehabilitering blir i meldinga forstått som tidsavgrensa, planlagde prosessar med klare mål og verkemiddel, der fleire aktørar samarbeider om å gi nødvendig assistanse til brukaren sin eigen innsats for å oppnå best mogeleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet.

Målgruppene for rehabilitering er alle med funksjonsproblem som har behov for assistanse til å nå eller halde ved like sitt optimale fysiske, sansemessige, intellektuelle, psykiske og sosiale funksjonsnivå. Rehabilitering handlar både om å endre individet sine føresetnader for å fungere, og å kompensere for funksjonstap ved tilrettelegging og tekniske tiltak.

Det blir i meldinga gitt eit kort oversyn over rehabiliteringstilbodet i dag og over dei ulike aktørane i rehabiliteringsprosessen. Det blir understreka at den viktigaste aktøren er brukaren sjølv, og at i mange tilfelle spelar også dei pårørande ei svært viktig rolle. Samstundes inneber rehabilitering eit samspel mellom ei rekke offentlege instansar der eit stort tal yrkesgrupper er involverte.

Ved sidan av kommunane som har rehabilitering som ei lovfesta oppgåve i medhald av kommunehelsetenestelova, er trygdekontora og arbeidskontora viktige statlege aktørar på lokalt nivå. I fylkeskommunane har spesialisthelsetenesta ved sjukehusa eit ansvar for rehabilitering, og her vil ofte premissane for rehabiliteringsprosessen bli lagt. I fleire fylkeskommunar er det spesialsjukeheimar for pleie og omsorg for brukarar med større behov. I tillegg finst det eit stort tal opptreningsinstitusjonar, spesielle helseinstitusjonar og kompetansemiljø/-einingar som dels tilbyr kortvarige opphald som kan inngå i ein rehabiliteringsprosess, og/eller har som mål å tilføre både brukarane og det lokale tenesteapparatet større kompetanse.

Det blir gitt eit oversyn over korleis rehabiliteringsverksemda er finansiert. Dei ordnare finansieringsordningane for kommunale tilbod og for fylkeshelsetenesta finansierer ein stor del av rehabiliteringsverksemda. I tillegg er følgjande ordningar særleg relevante for rehabiliteringsverksemda:

- Folketrygda dekkjer alle utgifter til tekniske hjelpemiddel.
- Eit eige øyremerkte stimuleringsstilskot er innført for utvikling og drift av rehabiliteringsverksemda i fylkeshelsetenesta og til utskrivning av unge fysisk funksjonshemma frå sjukeheimar og aldersinstitusjonar i kommunane.
- Ei eiga støtteordning i folketrygda refunderer godkjente driftsutgifter pr. kurdøgn ved opptreningsinstitusjonane, og gir refusjon av eigenandelar til utvalde pasientgrupper.
- Spesielle helseinstitusjonar, medrekna helsesportsentra, blir finansierte 90 prosent eller fullt ut over folketrygda.
- Behandlingsreiser i utlandet for bestemte diagnosegrupper.

Som hovudutfordringar på rehabiliteringsfeltet blir nemnd:

- For liten grad av brukarmedverknad
- Mangel på systematikk og heilskapstenking
- Låg status, ulike tilnærmingar og mangelfull kompetanse
- Habiliteringsarbeidet kan betrast
- Store kommunale skilnader
- Mangel på samanhengande tiltakskjeder og -nettverk
- Institusjonar som ikkje er samordna med det kommunale og fylkeskommunale tilbodet

2.2 Komiteen sine merknader

Komiteen slutter seg til prinsippet om at brukeren selv er den viktigste aktøren i en rehabiliteringsprosess, og at de pårørende også spiller en viktig rolle i denne forbindelse. Komiteen vil bemerke at dersom dette skal fungere godt i praksis så må brukermidvirkningen legges opp slik at brukerne får størst mulig grad av innflytelse og kontroll over rehabiliteringsprosessen.

Komiteen ser det som meget viktig at faggruppene og brukergruppene har en felles begrepsoppfatning når det gjelder rehabilitering og habilitering, og komiteen mener at dette også er viktig sett i forhold til ansvarsfor delingen mellom forvaltningsnivåene i samfunnet.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Sosialistisk Venstreparti, synes ikke at meldinga maktar å gi en definisjon av disse begrepene som sikrer en felles forståelse, og flertallet ser det som nødvendig at det blir arbeidet vidare med en bedre klargjøring av disse begrepene.

Komiteen er enig i at rehabilitering både handler om å endre individets forutsetninger for å fungere, og å kompensere for funksjonstap ved tilrettelegging og tekniske tiltak. Komiteen er også enig i at rehabilitering må sees på som tidsavgrensede prosesser, selv om rehabiliteringsprosessen kan ta lang tid.

Komiteen vil også bemerke at mange mennesker er avhengig av gjentatt rehabilitering for å kunne vedlikeholde sin funksjonsevne. Komiteen ser det som viktig at det i slike tilfeller sikres et opplegg hvor brukeren ikke faller ut av de offentlige tilbudene, men får en oppfølging som vedlikeholder et best mulig funksjonsnivå og dermed mulighet til deltakelse i samfunnet.

Komiteen er av den oppfatning at for personer med medfødte eller tidlig ervervede funksjonshemninger er det ikke logisk at en rehabiliteringsprosess skal lede tilbake til en tidligere mestringsevne. Komiteen ser det derfor som mest naturlig at begrepet habilitering blir brukt når det dreier seg om mennesker med tidlig ervervet eller medfødt utviklingshemming, og at dette også gjelder for voksne. Komiteen mener at habilitering ikke bare må knyttes til medisinsk habilitering, men at helheten i brukerens situasjon må trekkes inn i prosessen, slik også meldinga påpeker.

Komiteen er enig i at rehabilitering og habilitering er felt som lider av mangel på status og prestisje, og komiteen ser dette som en viktig årsak til at det bl.a. er store problemer med å rekruttere fagpersonell.

3. REHABILITERING PÅ LOKALT NIVÅ - EIN PLANLAGT OG KOORDINERT PROSESS MED BRUKAR I SENTRUM

3.1 Samandrag

Når det gjeld rehabilitering i kommunane, vil Sosial- og helsedepartementet:

- tydeleggjere krava til rehabiliteringsverksemda i kommunane gjennom forskrift til kommunehelsetenestelova, der det mellom anna blir stilt krav om å syte for ein samordningsfunksjon i rehabiliteringsarbeidet
- leggje til rette for utarbeiding av kommunale planar for rehabilitering som inngår i dei heilskaplege kommunale planprosessane
- setje i gang metodisk og organisatorisk forsøks- og utviklingsarbeid på lokalt nivå som også vil omfatte interkommunale tiltak og modellar
- samarbeide med partane i arbeidslivet om å utvikle ordninga med funksjonsassistentar for å finne fram til korleis ordninga best kan organiserast og finansierast i framtida
- fremme lovforslag om at kommunane skal påleggast plikt til å etablere ordninga med personleg assistent på same måten som andre sosiale tenester
- vurdere rehabilitering i sjukeheim i samheng med ei generell utgreiing om kva funksjonar sjukeheimar skal ha

Som strategiar for å skape eit samordna tilbod blir det nemnd at Sosial- og helsedepartementet vil

- komme attende til innhaldet i individuelle planar og avgrensing av målgruppa i ei eiga forskrift med heimel i lov om helsetenesta i kommunane og i lov om spesialisthelsetenesta,

- vurdere plikta til tverretatleg samarbeid i ulike særlover i tilknytning til utarbeiding og gjennomføring av planar for den enkelte, basert på brukar-medverknad,
- sikre utvikling og formidling av faglege reiskapar for individuell planlegging, både generelt og på rehabiliteringsfeltet meir spesielt.

For å utvikle og forbetre forholdet mellom forvaltninga og brukarane av forvaltninga vil Sosial- og helsedepartementet vidareutvikle samarbeidet rundt den enkelte i basisgruppene og setje i verk eit forsøk med brukarkontor. Regjeringa vil arbeide for at alle statlege etatar går ut med serviceerklæringar til brukarane sine i løpet av år 2000.

Regjeringa ser det som viktig å sikre samordna signal frå sentralt hald, og å etablere eit system for dette som kan verke over tid. Sosial- og helsedepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet og andre departement vil innføre offentlige servicekontor som ei generell ordning basert på lokalt initiativ, og evaluere og vidareutvikle samarbeidsforum på leiarnivå i kommunane for å fremme samstemt planlegging og felles innsats. Desse departementa vil òg gå gjennom ulike sektorvise målsetjingar og resultatindikatorar og syte for samstemte og avtala mål og signal frå statleg hald når det gjeld samarbeid mellom etatar omkring felles brukargrupper.

Som brubyggingstiltak mellom helse, trygd og arbeid blir det nemnd at Sosial- og helsedepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil

- i forskrift til lov om helsetenesta i kommunane om rehabilitering gjere ansvaret til kommunen tydelegare for å sikre at det blir utvikla motivasjons-, meistrings- og læringstiltak som førebuing til attføring og arbeid,
- vidareutvikle arbeidsmarknadsetaten sitt rettleiingstilbod til menneske med samansette lidingar,
- nærmare vurdere om det er behov for å utvikle nye typar av tiltak i arbeidsmarknadsetaten i forhold til personar med kroniske lidingar som varierer over tid,
- sikre at arbeidsmarknadsetaten og trygdeetaten lokalt samarbeider om og medverkar med kompetansen sin for å utvikle kommunale arenaer for motivasjon og meistring på vegen mot arbeid,
- mellom anna gjennom etterutdanningstilbod syte for at tilsette i kommunale og statlege etatar får samkøyrde kunnskarar om motivasjons- og meistringsproblematikken.

Vidare vil Regjeringa setje ned eit offentleg utval for å analysere årsakene til auken i sjukefråveret og tilgangen til uførepensjon, kartleggje dei sosiale og samfunnsøkonomiske sidene av dette, og drøfte og føreslå tiltak for å snu denne utviklinga.

For å gjera trygdeetaten betre i stand til å fylle si rolle vil Sosial- og helsedepartementet

- syte for tettare og kvalitativt betre oppfølging av sjukmelde, og for auka bruk av aktive verkemiddel i trygdeetaten, særleg aktiv sjukmelding,
- medverke til å auke brukarorienteringa i trygdeetaten,
- få utarbeidd kriterium for meir målretta tilbod retta mot personar med gjentekne sjukefråverer og mot spesielle diagnosegrupper,
- medverke til eit betre og meir målretta samarbeid mellom trygdeetaten, arbeidsgivar og behandlande lege, tilpassa situasjonen til den enkelte,
- greie ut ordningar som sikrar brukarar service og reparasjon på hjelpemiddel ved akutte behov i nærmare bestemte situasjonar utanom kontortid,
- tilby kommunane å leige hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralane til personar med mellombels behov.

Det blir understreka at eit etablert samarbeid mellom nivåa i helsetenesta i svært mange tilfelle vil vere ein føresetnad for eit godt rehabiliteringstilbod til den enkelte. Etter departementet si vurdering er det vanskeleg å leggje opp til ei heilt presis ansvars- og oppgåvefor deling mellom fylkeskommunar og kommunar frå sentralt nivå. Det konkrete samarbeidet vil måtte variere avhengig av individuelle behov og lokale føresetnader.

Departementet vil i samband med det spesielle stimuleringsstilskotet til rehabilitering i fylkeskommunane setje som vilkår at det blir utarbeidd lokale avtaler om samarbeid mellom fylkeskommunane og kommunane. Departementet vil vidare med heimel i lov om helsetenesta i kommunane komme med forskrift om betalingsplikt for ferdigbehandla pasientar, og gjennom forskrifter klargjere kva funksjonar som høyrer med til det kommunale ansvaret for rehabilitering, og kva for funksjonskrav som skal stillast til fylkeskommunen sitt ansvar, på ein slik måte at dei utfyller kvarandre og samstundes understrekar krava til samarbeid.

3.2 Komiteen sine merknader

Komiteen viser til at rehabilitering mangler en fast organisatorisk form og struktur, og etter komiteens oppfatning er dette mye av årsaken til de store forskjellene med hensyn til dimensjonering og kompetanse i det lokale rehabiliteringstilbudet.

Komiteen ser positivt på at det skal utarbeides forskrifter som presiserer kommunene sitt ansvar for rehabilitering. Komiteen vil bemerke at slike forskrifter må inneholde konkrete anbefalinger om hvordan kommunene kan organisere rehabiliteringsvirksomheten.

Komiteen ser det som meget viktig at den kommunale organiseringa legger opp til helhetlige tilbud og tverrfaglig samarbeid og at brukarmedvirkningen blir reell. Komiteen ser nødvendigheten av at rehabilitering etableres som en egen enhet i kommunene.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk

Venstreparti, mener det også kan være en løsning at kommunene oppnevner en egen koordinator for rehabilitering, og flertallet vil påpeke viktigheten av at dette er en stilling som både har tyngde og kapasitet til å utføre dette viktige arbeidet. Flertallet vil påpeke at en koor dinerende virksomhet på dette området vil gi en bedret organisering og tjeneste, samt at ressursene vil kunne utnyttes på en bedre måte.

Komiteen mener at det er nødvendig å ha gode rehabiliteringstilbud der folk bor, og komiteen ser det derfor som naturlig at kommunen må ha en helt sentral rolle i rehabiliteringsarbeidet. Komiteen vil bemerke at dersom kommunene skal kunne gi sine innbyggere gode rehabiliteringstilbud, så setter dette store krav til en god planlegging. Komiteen mener på denne bakgrunn at det må vur deres et pålegg til kommunen om å utarbeide plan for rehabilitering.

Komiteen finner det naturlig at det også gjennomføres en slik vur dering når det gjelder fylkeskommunal planlegging for rehabilitering.

Komiteen vil spesielt understreke betydningen av et styrket rehabiliteringstilbud på lokalt nivå. Komiteen støtter Regjeringens prioritering av rehabiliteringsarbeidet i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Komiteen vil understreke at det på lokalt nivå er behov for tverretattlig samarbeid slik Regjeringen påpeker, og at man kan sikre, utvikle og formidle faglige opplegg for individuell planlegging. Komiteen vil spesielt peke på at det i årene framover vil være et spesielt behov for å møte rehabiliteringsoppgavene blant den økende andelen av eldre i vårt samfunn. For å forebygge slik at dette ikke blir en ren etterbehandling etter sykdom og skader, er det viktig å ha en god "føre var"-strategi. Komiteen mener derfor det i lokale rehabiliteringsplaner må inngå et forebyggingsprogram som ikke minst retter seg mot den eldre delen av befolkningen. En slik plan må ha flere siktemål, bl.a. ulykkesforebygging og informasjon om kosthold og fysisk trening som viktige faktorer for en bedre helse. I dette arbeidet bør også de lokale helsestasjonene ha en sentral plass.

Komiteen mener en samlokalisering av sosial-, trygde-, og arbeidskontor vil bidra til enklere saksbehandling og rutiner og en bedre mulighet til å koordinere bl.a. rehabiliteringsopplegg.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti ser et klart behov for å utvikle tilbud i det offentlige slik at brukerne settes i sentrum. Signaler fra kommuner der man har forsøksordninger med samlokalisering av sosial-, trygd-, og arbeidskontor er positive, og brukerne slipper å bli sendt fra sted til sted og kontor til kontor. Dette gir helhetlige tilbud til brukerne, se ellers merknad i Innst. S. nr. 85 (1998-99).

Disse medlemmer går inn for slik samlokalisering, men vil samtidig påpeke at det ikke må føre til dårligere tilbud for brukerne der hvor kommuner muli-

gens tenker sammenslåing av tilbud på tvers av kommunegrensene.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Senterpartiet mener det er viktig med godt samarbeid mellom trygdekontor, sosialkontor og arbeidsmarkedsetaten. I dag er det basisgrupper i alle kommuner for å ivareta slikt samarbeid. Brukeren skal få hjelp der vedkommende først henvender seg. Disse medlemmer viser til at ordningen med offentlig servicekontor skal ivareta samlet informasjon og hjelp til brukerne. Denne ordningen er nå gjort permanent basert på lokalt initiativ. Disse medlemmer viser til St.prp. nr. 1 (1998-99) hvor det er skissert et forsøksprosjekt med brukerkontor.

Komiteen ser det som viktig at partene i arbeidslivet deltar i planlegging og iverksetting av rehabiliteringstilbud slik at arbeidstakere som har mulighet til å opprette eller gjenvinne deler av sin arbeidsevne, får en mulighet til å vende tilbake til en aktiv tilværelse gjennom arbeidstrening og deltakelse i et sosialt nettverk.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil fremme forslag om å be Regjeringen legge frem forslag for Stortinget om en ordning med økonomisk kompensasjon til arbeidsgivere, offentlige og private, som ansetter uføre eller personer med redusert arbeidsevne. Kompensasjonen trappes ned i takt med arbeidstakerens økende evne til å gjenoppta normal arbeidsinnsats.

Komiteen mener at en slik kombinasjon av arbeid og trygd bør kunne gjennomføres ned til 20 pst. uførhet.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem for Stortinget sak om en ordning med økonomisk kompensasjon til arbeidsgivere som ansetter uføre eller personer med redusert arbeidsevne, basert på at kombinasjonen av arbeid og trygd kan foregå ned til 20 pst. uførhetsgrad."

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Høyre og Senterpartiet viser til at det i dag også kan ytes lønnstilskudd fra arbeidsmarkedsetaten. Arbeidsgiveren tilbys økonomisk kompensasjon for redusert arbeidsevne i startfasen av arbeidsforholdet. Tilskuddet gis med 75 pst. av utgiftene til ordnær lønn i inntil 6 måneder, deretter med 40 pst. av lønnsutgiftene i inntil til sammen to år. Disse medlemmer mener det vil være behov for mer langsiktige og permanente løsninger for dem med varige lidelser og dermed varig nedsatt arbeidsevne. Regjerin-

gen har vært opptatt av disse forholdene, ikke minst i forhold til bedringen av levekårene for denne gruppen. Disse medlemmer ser det derfor som naturlig at en kommer tilbake til dette i forbindelse med behandlingen av meldingen om utjevning og levekårsforhold.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil anse det som en for del at all bruk av hjelpemidler formidles gjennom hjelpemiddelsentralene. For å unngå forskjeller mellom forskjellige kommuner og fylkeskommuner når det gjelder finansieringen og tilgangen på hjelpemidler, vil flertallet fremme forslag om at utleie av hjelpemidler til kommunene skal skje vederlagsfritt og at kostnadene i sin helhet dekkes av Rikstrygdeverket.

Flertallet fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem forslag om endring med statlig finansiering av utleie av hjelpemidler til kommunene fra hjelpemiddelsentralene, dekket gjennom Rikstrygdeverket."

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Høyre og Senterpartiet vil påpeke at folketrygden dekker hjelpemidler til varige behov. Regjeringen foreslår i meldingen at kommunene skal kunne leie lavfrekvente hjelpemidler ved midlertidige behov. Samtidig er det slik at kommunene allerede har tilgang på en del enklere hjelpemidler gratis, dette gjelder bl.a. rullestoler og rollatorer. En endring som også tilsier at kommunene skal ha et permanent lager av lavfrekvente hjelpemidler for midlertidige behov, vil bety en økning av behovet for hjelpemidler som i store perioder bare vil stå på lager.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høyre og Sosialistisk Venstreparti, mener at det nå må gis klar prioritet til arbeidet med rehabiliteringen av unge funksjonshemmede, og at en viktig del av denne rehabiliteringen inkluderer alternative botilbud utenfor institusjon. Dagsrevyen opplyste 9. mai 1999 at det nå er ca. 700 personer under 50 år som fremdeles venter på slik utflytting. Flertallet kjenner ikke de eksakte tallene, men vil understreke at prioriteringen framover må omhandle mer enn kun tilskuddet til utflyttingen; myndighetene må påse at dette faktisk også skjer. Denne problematikken er påpekt av komiteen i sammenheng med budsjettbehandling også tidligere, og flertallet understreker viktigheten av at denne gruppens behov ivaretas.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Senterpartiet vil peke på at Regjeringen i framleggingen av Revidert nasjonalbudsjett 10. mai i år har lagt fram forslag om å øke tilskuddet til kommunene som skaffer individuelle botilbud til personer som vil flytte ut av alders- og sykehjem, med 400p000 kroner, fra 600p000 til 1p000p000 kroner. Dette, sammen med forslaget om en statlig medfinan-

siering for spesielt ressurskrevende personer i omsorgssektoren vil, etter disse medlemmers mening, bidra til en helt annen og mer positiv situasjon for å få skaffet eget botilbud til dem som i dag bor på alders- eller sykehjem, og som ønsker å flytte ut. Pr. i dag er det registrert 160 fysisk funksjonshemmede under 67 år som ønsker egen bolig. Disse medlemmer mener det nå må kunne settes fortgang i arbeidet med dette ute i kommunene ut fra de endringer Regjeringen legger opp til.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil peke på at bruk av sykehjem som rehabiliteringsinstitusjoner i dagens situasjon ikke er aktuelt. Antallet sykehjemsplasser er altfor lavt på landsbasis, slik disse medlemmer ser det, og belegget i de somatiske sykehjemmene består av pasienter som stort sett er over 80 år, som er tungt pleietrengende og lite egnet for rehabilitering.

4. REHABILITERING I SPESIALISTHELSETENESTA

4.1 Samandrag

Målet for medisinsk rehabilitering i spesialisthelsetenesta er å imøtekomme kliniske behov som overstig kommunane sitt ansvar og deira kompetanse. Spesialisthelsetenesta skal òg rettleie og gi råd til kommunane.

Det blir uttala at dei fylkeskommunale tenestene innfor habilitering og rehabilitering i mange tilfelle synest å vere prega av mangelfull samordning og samhandling. Ei kartlegging gjennomført av departementet tyder på at fleire pasientgrupper ikkje får eit tilfredsstillande rehabiliteringstilbod. Dette gjeld mellom anna personar med progredierande nevrologiske lidingar, lidingar i muskel- og skjelettsystemet, multitraumetilstandar, traumatiske og moderate hovudskadar, følgjetilstandar etter kreft og personar med sansetap.

For å tydeleggjere kva funksjonskrav som bør stillast til medisinsk habilitering og rehabilitering i fylkeskommunen, vil departementet utarbeide ei forskrift om medisinsk rehabilitering med heimel i ny lov om spesialisthelseteneste. Det blir uttala at planutvala i helseregionane bør setje ned fagråd for rehabilitering og habilitering, der tenester for både barn og vaksne inngår. Sosial- og helsedepartementet vil vidare følgje opp ny lov om spesialisthelseteneste som innfører ei ordning med fast kontaktperson for innlagde pasientar, av desse også rehabiliteringspasientar.

Departementet legg til grunn at rehabilitering av kreftpasientar må vere fundert på dei same prinsippa som gjeld for rehabilitering av andre pasientar, mellom anna eit individuelt brukarperspektiv, fokus på den totale livssituasjonen og på tilbod så nær lokalmiljøet som råd er. Ein gjennomgang som departementet har gjort av rehabiliteringstilbodet i fylkeshelsetenesta, kan tyde på at rehabiliteringstenestene ikkje i tilstrekkeleg grad orienterer seg mot dei rehabiliteringsbehova kreftpasientar har. Departementet føreset at helsetenesta vurderer og tilbyr rehabiliteringstiltak til alle

som har behov for slike tiltak, også kreftpasientar. Departementet ser det ikkje som formålstenleg å etablere særskilde rehabiliteringstiltak for kreftpasientar. Departementet vil elles peike på det ansvaret sjukehusa har for å gi pasientar med kreft nødvendig informasjon for at pasienten kan fungere med sjukdomen sin eller med dei problema som sjukdomen eller behandlinga har ført med seg. Departementet ser på styrking av informasjonstiltak overfor pasientar med kreft og andre sjukdomar som ei særleg utfordring.

Sosial- og helsedepartementet vil i samband med arbeidet med dei regionale helseplanane syte for at alle helseregionar utviklar spesialiserte tilbod og kompetansebasar innanfor medisinsk rehabilitering gjennom eigne planar for rehabilitering. Kva oppgåver region-sjukehusa skal ha, og korleis kompetansen skal overførast til fylkeskommunar og kommunar, skal omtalast særskilt. Departementet vil seinare komme tilbake med tilrådingar om forma på og innhaldet i ein slik plan.

Når det gjeld finansiering av rehabilitering i spesialisthelsetenesta, vil Sosial- og helsedepartementet føre vidare den øyremerkte tilskotsordninga til medisinsk rehabilitering, basert på objektive kriterium frå 1999. Systemet med innsattsstyrt finansiering vil bli tilpassa slik at det betre reflekterer ressursbruken innanfor medisinsk rehabilitering. Vidare vil departementet setje ned ei arbeidsgruppe som innan utgangen av 1999 skal vur dere om det er behov for endringar i folketrygda sitt refusjonssystem i forhold til rehabiliteringspasientar. På sikt vil departementet vur dere ei harmonisering av finansieringsordningar for rehabiliteringspasientar.

Når det gjeld dei fylkeskommunale spesialsjukeheimane, tilrår departementet ei gradvis utflytting for dei som ønskjer det, og ei avvikling av langtids plassane, i hovudsak med hjelp av eksisterande tilskotsordningar. Det er sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe for å sjå nærare på finansieringa av tiltak for særleg ressurskrevjande brukarar i kommunane. Eventuelle forslag til endringar vil bli lagde fram i kommuneøkonomiproposisjonen for år 2000. Sosial- og helsedepartementet vil leggje til rette for formidling av erfaringar mellom fylkeskommunane for få til vidare omdanning av spesialsjukeheimane.

4.2 Komiteen sine merknader

Komiteen slutter seg i store trekk til den målsettinga som er trukket opp for rehabilitering i fylkeshelsetjenesten, og komiteen vil spesielt vise til det ansvar som spesialisthelsetjenesten har for å bistå kommunene med råd og veiledning i spørsmål knyttet til rehabilitering og habilitering.

Komiteen er enig i at fylkeskommunenes tjenester innenfor habilitering og rehabilitering synes å være preget av mangelfull samordning og samhandling. Komiteen ser det som viktig at det etableres en bedret kontakt til det lokale nivået og at det på lokalt nivå finnes en enhet eller koordinator som har et overordnet ansvar for rehabilitering og habilitering.

Komiteen viser til den økningen som har funnet sted når det gjelder omfanget av slagenheter og rehabiliteringsteam og ser meget positivt på dette, men

komiteen registrer også det faktum at flere pasientgrupper ennå ikke får et tilfredsstillende rehabiliteringstilbud.

Komiteen har merket seg den store betydning rehabiliteringsteamene har for at pasientene skal få et helhetlig opplegg helt fram til å kunne fungere i eget lokalmiljø og i forhold til arbeid, utdanning, fritidstilbud m.v. Komiteen ser på rehabiliteringsteamenes kontakt mellom sykehus og kommunehelsetjenesten som meget viktig for å sikre en god og trygg oppfølging av den enkelte pasient og for at viktig kompetanse skal bli overført. Komiteen er av den oppfatning at behovet for slike rehabiliteringsteam er godt dokumentert og at erfaringen tilsier at slike tilbud må bli tilgjengelig i rimelig nærhet til alle kommuner. Komiteen ser det som en viktig oppgave å sikre driften av de etablerte rehabiliteringsteam og samtidig få etablert slike team i de regioner der tilbudet fortsatt mangler.

Komiteen kan ikke slutte seg til at habiliteringsbegrepet bare skal begrenses til å gjelde barn og unge under 18 år. Komiteen viser til at en slik avgrensning bl.a. medfører at tiltak for voksne personer med psykisk utviklingshemning eller med andre medfødte funksjonshemninger blir benevnt som rehabilitering og ikke som habilitering. Komiteen ser på habilitering som et målrettet arbeid for å bygge opp og støtte funksjoner, samspill og livskvalitet hos mennesker med tidlig ervervede eller medfødte funksjonshemninger, mens komiteen ser på rehabilitering som et arbeid med konsekvenser av en sykdom eller skade som har oppstått etter normalutvikling. Komiteen mener ut fra denne vurderingen at habiliteringsbegrepet er mer dekkende i forhold til å beskrive de tjenester som er forbeholdt mennesker med tidlig ervervede eller medfødte funksjonshemninger, og komiteen mener at dette må gjelde også etter at personen er fylt 18 år.

Komiteen har merket seg at bl.a. Norsk Forbund for Utviklingshemmede og framtrepende fagfolk klart har gitt uttrykk for at habilitering er det mest logiske begrep når det dreier seg om mennesker med tidlig ervervet eller medfødt utviklingshemning.

Komiteen vil presisere at habilitering er en tverrfaglig spesialisert tjeneste, som ikke må forveksles med pleie- og omsorgstilbudene, og komiteen ser ut fra dette ingen grunn til at habilitering skal kunne karakteriseres som særomsorg.

Komiteen har merket seg at begrepet habilitering er brukt spesielt for tilbudet til barn og unge fram til 18 år, og at tilbudet for alle etter fylte 18 år benevnes som rehabilitering.

Komiteen har videre merket seg at en slik avklaring har vært foreslått og søkt praktisert i flere år, bl.a. etter anbefaling fra Statens helsetilsyn. Komiteen vil understreke at behovet for rehabilitering og habilitering må ivaretas uansett på hvilket aldersnivå man er, men vil også påpeke at det er svært uheldig om habilitering av voksne personer blir en særomsorg. Komiteen mener det vil være flere for deler ved å samle alle ressurser innenfor rehabilitering/habilitering for å gi voksne personer med slike behandlings-

omsorgsbehov et best mulig tilbud. Samordning vil gi flere ressurser og større bredde, noe som er i tråd med et generelt ønske og behov for tverrsektorielt og tverretatlig samarbeid. Kompetansen innen habilitering og innen rehabilitering kan tilføre hverandre både faglige og erfaringsmessige kunnskaper som vil gi en styrket og bedre helhet. Komiteen mener at et framtidig rehabiliteringstilbud for voksne skal inneholde tjenester som ivaretar både habilitering og rehabilitering ut fra hvilke tilbud tjenestemottaker har.

Innenfor rehabiliteringstilbudet for voksne skal det drives et målrettet arbeid for å bygge opp og støtte funksjoner, samspill og livskvalitet hos mennesker med tidlig ervervede eller medfødte funksjonshemninger. Det vil si habilitering. Samtidig skal det også overfor de som trenger det, arbeides med konsekvenser av en sykdom eller skade som er oppstått etter normalutvikling. Det vil si rehabilitering.

En samordning og samhandling mellom disse oppgavene som habilitering og rehabilitering representerer, vil etter komiteens mening være den beste løsningen for å styrke tilbudet både kvalitativt og kvantitativt og samtidig unngå båstenkning og særomsorg.

Komiteen vil samtidig påpeke at enkeltpersoner som tjenestemottakere kan ha behov for og dermed ha rett til enkeltvedtak etter sosialtjenesteloven. Slike tjenesteplegg for voksne må da, der det er nødvendig og ønskelig, samordnes med det øvrige rehabiliteringstilbudet.

Komiteen har under arbeidet med meldinga fått informasjon om at unge med revmatiske lidelser faller utenfor habiliteringstilbudene, jf. brev av 19. februar 1999 fra Norsk Revmatikerforbund. Komiteen viser til at følgene ved å få en revmatisk sykdom tidlig i livet kan få store konsekvenser, både på kort og lang sikt, og komiteen ser derfor behovet for at også barn og unge med revmatisme må få tilgang til et kvantitativt og kvalitativt akseptabelt habiliteringstilbud. Komiteen viser til at det er utarbeidet et konsept for innføring av revmakonsulenter ved regionsykehusene. Komiteen ber om at dette konseptet blir vurdert nærmere for etablering.

Komiteen slutter seg til forslaget om å utarbeide en forskrift om medisinsk rehabilitering med hjemmel i ny lov om spesialisthelsetjeneste, og komiteen har tiltro til at en slik forskrift kan bidra til å løfte dette feltet dersom det settes klare krav til hvor dan fylkeskommunene skal drive sitt rehabiliteringsarbeid.

Komiteen viser til Stortingets behandling av St.prp. nr. 61 (1997-98) hvor komiteen tok til orde for at rehabilitering av kreftpasienter må sees i sammenheng med en helhetlig gjennomgang av hele rehabiliteringsområdet. Komiteen slutter seg til at også for kreftpasienter må det individuelle brukerperspektivet legges til grunn, men komiteen vil bemerke at denne sykdommen rammer på forskjellige måter, og at det ofte er behov for en omfattende rehabilitering og langtidsoppfølging.

Komiteen viser til at det ved landets rehabiliteringsinstitusjoner nå finnes flere gode og allsidige rehabiliteringstilbud for kreftrammede.

Komiteen viser også til den store betydning som Montebellosementerets kursvirksomhet har hatt for mange kreftpasienter og familiene deres, og at dette er et tilbud som kreftpasienter fra hele landet kan gjøre seg nytte av. Komiteen mener at det er av stor betydning å sikre driften og utvikle Montebellosementeret videre som et landsdekkende tilbud til kreftpasienter fra hele landet.

5. NÆRMARE OM TILBOD VED LANDSDEKKJANDE SENTER OG INSTITUSJONAR

5.1 Samandrag

I tillegg til spesialisert rehabilitering på fylkeskommunalt og regionalt nivå, blir det gitt eit omfattande tilbud om rehabilitering og opptrening ved særskilte institusjonar og senter. I hovudsak orienterer desse seg mot landet som heilskap. Dette gjeld mellom anna enkelte statleg eigde institusjonar, mellom dei barne- sjukehusa. Det er også oppretta spesielle kompetansesenter for små og mindre kjende grupper av funksjonshemma, og ei rad statlege spesialpedagogiske kompetansesenter for ulike målgrupper. Dei spesielle helseinstitusjonane, medrekna helsesportsentra, opptreningsinstitusjonane og dei særskilte behandlingsreisene til utlandet for visse pasientgrupper, er også å rekne som landsdekkjande tilbod.

Det blir i meldinga skissert ei omlegging av finansieringsordninga for opptreningsinstitusjonane. Sosial- og helsedepartementet vil leggje om til ein kombinasjon av eit aktivitetssuavhengig tilskot til fylkeskommunane og eit aktivitetsavhengig tilskot til den enkelte institusjonen. Når det gjeld midlane til fylkeskommunane, tek ein sikte på ein gradvis overgang til for deling etter objektive kriterium. Det blir sett vilkår om at fylkeskommunane skal bruke midlane til kjøp av tenester frå institusjonane.

Når det gjeld behandlingsreiser til utlandet blir det uttala at det ikkje ligg føre dokumentasjon av nytteverdien av klimabehandling for andre grupper enn dei som har tilbod i dag. Departementet vil elles ta initiativ til ei heilskapleg vurdering av tilbodet om behandlingsreiser til utlandet og setje ned eit utval for å greie ut spørsmålet.

I omtalen av ulike spesialiserte institusjonstilbod og landsdekkjande tilbod seier departementet at desse gir eit svært godt og passende tilbod til mange innanfor sine brukargrupper. Det er likevel enkelte forhold som departementet ikkje finn tilfredsstillande, til dømes at få av tilboda er tilstrekkeleg planmessig etablerte i forhold til ein heilskapleg strategi. Departementet ser eit behov for ein samla strategi og ei nærmare vurdering av kva plass institusjonane og sentra skal ha, og kva rolle dei skal spele. Særleg gjeld dette forholdet til andre tilbod innanfor dei spesialiserte helsetenestene, og behovet for å knyte tilbod og kompetanse nærmare inn i tiltaksjeda for den enkelte brukar. Departementet vil ikkje ta stilling til søknader om å etablere nye institusjonar eller kompetansesenterfunksjonar på rehabili-

teringsfeltet før det er gjort ein slik gjennomgang og ei slik vur dering. Kompetansesentra for små og mindre kjende diagnosegrupper vil ikkje bli omfatta av denne gjennomgangen. Dei skal vur derast kontinuerleg av Etat for rådssekretariat og enkelte helse- og sosialfaglege oppgaver m.v. Sosial- og helsedepartementet vil gjennomføre evalueringar av verksemda ved dei spesielle helseinstitusjonane og i samarbeid med institusjonane utvikle eit tilfredsstillande mål- og resultatstyringssystem, med basis i økonomireglementet i staten. Vidare vil departementet medverke til at sjukehusa etablerer lærings- og meistringssenter, basert på erfaringar frå forsøk.

5.2 Komiteen sine merknader

Komiteen viser til det i dag er 40 godkjente opptreningsinstitusjoner i landet og at disse utgjør et godt og omfattende rehabiliteringstilbud for befolkninga. Komiteen ser opptreningsinstitusjonene som en meget viktig del av det helhetlige rehabiliteringstilbudet som må være på plass for å kunne gi brukerne de tilbud de har krav på .

Komiteen finner det naturlig at fylkeskommuner og kommuner tar hensyn til opptreningsinstitusjonenes behandlingstilbud ved planlegging og dimensjonering av egne rehabiliteringstilbud, og komiteen ser det som viktig at pasienter som behandles ved private opptreningsinstitusjoner, tas med i de fylkeskommunale statistikker for rehabilitering.

Komiteen mener at den finansieringsordning som skal legges på plass, må fungere slik at det stimulerer opptrenings/rehabiliteringsinstitusjonene til videre drift og utvikling. Komiteen er opptatt av at den framtidige finansieringsordningen skal bli minst mulig byråkratisk og komplisert, slik at det offentlige bidrag utnyttes på den best mulige måten for brukerne. Komiteen mener at dette best kan oppnås gjennom en forbedring av dagens ordning hvor folketrygden står for utbetaling av den vesentligste delen av den offentlige andelen. Komiteen synes i denne sammenheng at det ville være av interesse å få vur dert om man også for opptrenings/rehabiliteringsinstitusjonene kunne innføre et klassifikasjonssystem som grupperer pasienten i kostnadsgrupper på tilsvarende måte som man nå klassifiserer rehabilitering i sykehus. Komiteen ser det som naturlig at alle typer opptrenings/rehabiliteringsinstitusjoner blir sett i sammenheng ved en slik vur dering.

